



Klima- og miljødepartementet

Att: Referanse 21/3721

Vår ref.
22/17339

Dato:
22.07.2022

Høyring - Lisensfellingsperioden for jerv

Vedtak

Nord-Fron kommune støttar [forslag 2](#) i Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt høyringsbrev datert 16. juni 2022, og tilrår at Rovviltforskrifta § 10 femte ledd bokstav b blir endra slik at lisensfellingsperioden for jerv utvidast til 20. august - 15. februar i heile landet.

Bakgrunn for saka

Ein syner til høyringsbrev frå KLD vedrørande forslag til endringar i lisensfellingsperioden for jerv, datert 16. juni 2022. Høyringsfristen er sett til 29. juli 2022.

Dei ulike forslaga er følgjande:

- 1) *§ 10 femte ledd bokstav b blir værende som i dag, altså lisensfellingsperiode for jerv i perioden fra 10. september til og med 15. februar.*
- 2) *§ 10 femte ledd bokstav b endres slik at lisensfellingsperioden for jerv utvides til 20. august - 15. februar i hele landet.*
- 3) *§ 10 femte ledd bokstav b endres slik at lisensfellingsperioden for jerv utvides til 20. august - 15. februar i områder der det er åpnet for villreinjakt. Dette for ytterligere samordning av lisensfellingsperioden for jerv med perioden for villreinjakt.*
- 4) *§ 10 femte ledd bokstav b endres for en treårsperiode slik at lisensfellingsperioden for jerv utvides til 20. august - 15. februar i utvalgte områder der det er åpnet for villreinjakt. Dette som en prøveordning for å kunne evaluere effekter av ytterligere samordning av lisensfellingsperioden for jerv med perioden for villreinjakt.*

KLD skriv at dei tek sikte på endeleg avgjering og eventuell ikrafttreding innan 20. august 2022, slik at eventuelle endringar i lisensfellingsperioden blir gjort gjeldande frå førstkomande lisensfellingsperiode.

Vurdering

KLD syner til at det ligg dyreetiske omsyn til grunn som gjer det usikkert om det kan opnast for lisensfelling frå og med 20. august. KLD er bekymra for at kvalpane kan bli skilt frå morddyret og at det kan gje negative konsekvensar for kvalpane. Ein har forståing for at KLD må ta omsyn til dette i si vurdering, men ein meiner likevel at omsynet til beitedyr og dyrevelferd tel tungt jf. Stortinget si todelte målsetting for rovviltforvaltninga der det også skal leggast til rette for ei berekraftig beitenæring. Ein syner og til at det blir gjeve skadefellingsløyve på morddyr rundt 1.

august, kor det da blir vurdert at ein har kome så langt ut i sesongen at det normalt ikkje er fare for at ungar av jerv sultar eller lir unødig dersom mordyr blir felt.

Nord-Fron kommune ligg i hovudsak i beiteprioritert område, men har likevel, over fleire år, hatt problem med angrep på sau frå jerv. Ein stor del av orsaka til dette har vore at kvotene ved lisensfelling ikkje blir fylt, slik at bestanden av jerv over tid har vore vesentleg høgare enn bestandsmålet for jerv. Lisensjakta er ikkje effektiv nok, ikkje minst med bakgrunn i manglande, effektive verkemiddel.

Samstundes har Nord-Fron kommune store areal kor det blir drive villreinjakt. Kommunen har såleis, som fleire andre kommunar, over fleire år har hatt innspel til sentrale myndigheiter om at oppstart på lisensfellingsperioden for jerv må framskundast til 20. august slik at dette blir samanfallande med oppstart av villreinjakta, for å gjere lisensjakta på jerv meir effektiv. Fjellområda er store, og det er difor vanskeleg å få til effektiv lisensjakt i noverande lisensfellingsperiode. Under villreinjakta er det mange jegerar i fjellet som kan bidra til å felle fleire jerv, slik at ein i større grad får fylt lisensfellingkvota.

Nord-Fron kommune, saman med dei to andre midtdalskommunene Sør-Fron og Ringebu, brukte i 2021 kr 450.000 på skadefellingsforsøk på jerv. Det var pågående fellingsforsøk frå midten av juli fram til midten av september. Samstundes vart lisensfellingssesongen 2021/2022 svært vellukka i dei nemnte kommunane, noko som skuldast lite sno og effektiv bruk av hund. Snomengde er likevel ein faktor som vil variere fra år til år. Kommunane har delteke i eit prosjekt for å effektivisere jervefellinga ved bruk av jervebåsar. Dette har dessverre vist seg å vere lite effektivt i våre område, sjølv med stor innsats. Ein meiner orsaka er at jerven har god tilgang i matlagra inne i fjellområda gjennom heile lisensfellingsperioden fram til 15. februar, og kjem ikkje fram til områda kor jervebåsane står før i mars/april. Resultatet har vore store skader frå jerv kvart år.

KLD syner til at ei tidlegare oppstart av lisensfellingsperioden vil ha avgrensa effekt fordi det berre vil bli teke ut 4-8 jerv ekstra pr. år på landsbasis. Nord-Fron kommune er ikkje av same oppfatning. Lokalt kan uttak av eitt enkeltdyr ha særst stor betydning. For midtdalskommunane, som har slitt med ei jervetispe i Vulufjell over fleire år, vil uttak av dette eine dyret ha stor betydning for omfanget av skadane på beitedyr i dette området kor det går sau frå både Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Stor-Elvdal. Ein veit også at dei fleste skadane skjer i perioden fra 20. august og fram til dyra blir sankt. Vulufjell er eit villreinområde som er svært vanskeleg tilgjengeleg for lisensjegerar om vinteren. Moglegheit for å felle jerv i dette område under reinsjakta vil derfor vere av stor betydning.

Nord-Fron kommune meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg ivareteke for å opne for lisensfellingsperiode på jerv frå og med 20. august på permanent basis, jf. naturmangfaldlova §8. Det er lite truleg at kvalpane vil lide som følgje av felling av mordyr, då kvalpane på denne tida av året er kapable til å overleve sjølv jf. også tilsvarande vurderingar frå myndigheitene ved skadefelling.

Med helsing

Tom Nøvik
tjenesteleder teknisk

Geir Johan Groven
landbrukssjef

Telefon:
Epost: geir.johan.groven@nord-fron.kommune.no

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:
Anne-Marie Olstad
Arne Sandbu
Magnar Bratlien
Morten Randen
Sør-Fron kommune

ordfører
kommunedirektør